

## EIT ENKELT OPPLGG FOR RISIKOSTYRING I HØGSKOLEN I TELEMARK

Målet med risikostyringa er å forbetre mål- og resultatstyringsprosessane, slik at sjansen aukar for at høgskolen når sine mål. Innsatsen som skal leggjast ned, og detaljeringsgraden i vurderingane, må bestemmast ut frå eit kost-nytte-perspektiv. Opplegget som er omtala nedanfor, er eit hjelpemiddel, og ikkje eit mål i seg sjølv.

### Om opplegget

I samband med utforminga av årsplanen vert det fylt ut eit slikt skjema for kvart verksemdsmål og evt underskjema for utvalde styringsparameter. Tilsvarande gjeld måltal og tiltak i tiltaksplanane ved driftseiningane. Utfyllinga vert gjort på grunnlag av vurderingane til leiinga som har ansvar for å nå måla.

Mål:.....

| KSF | Risikofaktorar | Sannsyn | Konsekvens | Kontrollrutinar | Tiltak |
|-----|----------------|---------|------------|-----------------|--------|
|     |                |         |            |                 |        |
|     |                |         |            |                 |        |
|     |                |         |            |                 |        |
|     |                |         |            |                 |        |
|     |                |         |            |                 |        |
|     |                |         |            |                 |        |
|     |                |         |            |                 |        |
|     |                |         |            |                 |        |
|     |                |         |            |                 |        |

Rekkefølga på kolonnane syner rekkefølga i vurderingsprosessen. Arbeidet med ein kolonne kan likevel iblant avdekkje behov for endringar i tidlegare kolonnar.

### 1 Mål

Verksemdsmålet (evt styringsparameteren eller tiltaket) som skal vurderast, skrivast inn her. Det er mest aktuelt å risikovurdere styringsparametrar der verksemdsmålet er samansett. Konkrete og eintydige målformuleringar vil lette risikovurderinga.

### 2 Kritiske suksessfaktorar (KSF)

Dei faktorane som er viktigast for å nå målet, blir definerte her.

### 3 Risikofaktorar

For kvar KSF blir det ført opp kva relevante hendingar som kan medverke til at den aktuelle suksessfaktoren ikkje slår til, og at målet i kolonne 1 dermed ikkje vert oppnådd. Både interne og eksterne risikofaktorar vert vurderte, og både akutte hendingar og meir gradvis utvikling.

### 4 Sannsyn

Skala: *svært liten – liten – moderat - stor – svært stor.*

For kvar risikofaktor skal det vurderast kor sannsynleg det er at den trugande hendinga/ utviklinga skjer.

Det er viktig å bruke tid på å utvikle ei felles forståing av korleis skalaen skal brukast.

## 5 Konsekvens

Skala: *svært liten – liten – moderat - stor – svært stor.*

For kvar risikofaktor skal det vurderast kor mykje mindre sjansen for å nå det aktuelle målet blir om risikofaktoren slår til, dvs kor alvorlege verknadene er for måloppnåinga.

Også her må leiarane drøfte seg fram til mest mogleg sams oppfatningar av kor grensene mellom stega på skalaen går.

## 6 Kontrollrutinar

Her skal det først opp kva kontrollrutinar, rapporteringsordningar e.l. som skal gjennomførast for å kunne følgje med på utviklinga av kvar risikofaktor, altså om risikograden aukar eller minkar. Kontrollrutinane må inngå i leiingsinformasjonssystemet (LIS), og utformast ut frå kontrollbehovet. Det er generelt sett størst der sannsyn og konsekvens er vurdert som høgast.

Når kontrollrutinane blir fastsette, må og *risikotoleransen* vurderast, dvs kor høg risiko og kor alvorlege konsekvensar ein kan akseptere før ein set inn særlege tiltak, evt justerer eller gir opp målet. På somme felt kan det gå an å kvantifisere dette, på andre må ein nytte meir kvalitative vurderingar. Der det synest meningsfylt, bør det derfor seiast noko om toleransegrensene i denne kolonnen.

## 7 Tiltak

Her fører ein opp kva tiltak som er aktuelle for å redusere risikograden der han er uakseptabelt høg, og kva tiltak som kan setjast i verk dersom risikofaktoren likevel slår til.

## **Vurderingsprosessen**

Risikovurderinga skal gjerast i samband med utforminga av årsplanen og tiltaksplanane. Når verksemdsmåla og styringsparametrane i hovuddrag er formulerte, må leiinga setje av tid til drøfting og vurdering. Rektorat, dekanar og administrativ leiing bør delta. Vurderingsarbeidet kan på nokre punkt førebuast i undergrupper og sluttdrøftast i plenum. Særleg første gong denne prosessen blir gjennomført, må det setjast av godt med tid.

Avdelingane og fellestenestene vil til vanleg ikkje setje opp eigne verksemdsmål, men ein del av styringsparametrane blir fordelte på avdelingsnivå. Det bør gjerast tilsvarende risikovurderingar for desse måla. Det same gjeld viktige tiltak i tiltaksplanane. Ansvar for desse vurderingane ligg til avdelingsleiinga, dvs dekan, instituttleiarar og administrasjonssjef, og tilsvarende nivå i fellestenestene..

## **Oppfølginga**

På fastsette tidspunkt går leiargruppene på institusjons- og driftseiningsnivå gjennom dei resultatvurderte måla/tiltaka etter denne malen:

- Ligg det an til at målet blir nådd?
- Har det skjedd noko som endrar på risikovurderingane?
- Kva tiltak er gjennomførte for å redusere risikoen?
- Kan nye tiltak setjast i verk? Bør målet justerast?

Gjennomgangen skal dokumenterast.

## Utdjuping

Det vert vist til SSØ sitt metodedokument ”Risikostyring i staten” , UHRs ”En veileder for mål- og resultatstyring i Universitets- og høyskolesektoren” og SSØ sitt rettleiingsdokument ”Hvordan få en god start på risikostyring i statlige virksomheter”.

Lenker:

[http://www.sfsø.no/upload/forvaltning\\_og\\_analyse/risikostyring/NY\\_Metodedokument\\_06012006.pdf](http://www.sfsø.no/upload/forvaltning_og_analyse/risikostyring/NY_Metodedokument_06012006.pdf)

[http://www.uhr.no/documents/RAPPORT\\_2\\_Veileder\\_MRS\\_i\\_UH\\_sektoren\\_.pdf](http://www.uhr.no/documents/RAPPORT_2_Veileder_MRS_i_UH_sektoren_.pdf)

<http://viewer.zmags.com/showmag.php?mid=hpgrs&pageid=1>